



Jon Golid
Øvre Såtehov 25

3864 Rauland

Delegert sak nr. 18/193

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
LASSEMA	2017/2676	7805/2018	K01	13.04.2018

Svar på søknad om snøskuterløyve til transport av ved § 5, e

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg 26.03.2018
- Kartutsnitt
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

Jon Golid har 26.03.2018 søkt om løyve til å transportere ved og nødvendig utstyr i samband vedlikehald av hytter på eigedomen 161/1,2,3 med snøskuter.

Vurdering:

Jon Golid skal frakte ved og utstyr frå Varland til hytter ved Vonskin og Laksatjønn. Dette gjeld hytter på eigedomen Hovedenterrenget v/Nils Klaveness, gnr/bnr 161/1,2,3. § 5 bokstav e i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunens Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Søknaden gjeld ikkje berre frakt av ved, men òg frakt av utstyr i samband med vedlikehald av hytte ved Vonskin og Laksatjønn.

Søknaden blir derfor handsama etter § 5 a i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.



Einingsleiar sitt vedtak:

Jon Golid sin søknad om løyve til transport av ved med snøskuter blir innvilga. Løyvet gjeld til mai 2018. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Søknaden er handsama etter § 5 a i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekte i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for to snøskuterar.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseane vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med kommunestyrevedtak 14.12.2017 skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 150,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Knut Martin Edland/s/
næringsssjef

Lasse Mathisen
landbruksrådgjevar

Kopi til:

Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Telemark politidistrikt	Postboks 47	3701	Skien



Vinje kommune
Næringskontoret





Løyve til transport av ved m.m.

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav a

LØYVE TIL TRANSPORT AV VED MED SNØSKUTER

Løyvet gjeld for:

Jon Golid, Øvre Såtehov 25, 3864 Rauland

Løyvet gjeld for transport av ved og utstyr/materialar frå Varland til Vonskin og Laksatjønn.


Traseane som skal nyttast er innteikna i kartet.

Løyvet gjeld til mai 2018. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for to skuterar.
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseane vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv



Dato

Kommunens underskrift

Stempel